

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
071/16	Levekårsutvalet	PS	22.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar		ArkivsakID
Kristin Moe		16/3537

Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås 2015-2016

Vedlegg :

Tilstandsrapport-for-grunnskolen-2016 rapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Melding om kvalitet og tilstand i grunnskulen i Lindås 2015-2016 er teken til orientering.

Levekårsutvalet - 071/16

LE - behandling:

Orientering til saka v/kommunalsjef Kristin Moe

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 22.11.2016:

Melding om kvalitet og tilstand i grunnskulen i Lindås 2015-2016 er teken til orientering.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Meldinga er heimla i Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang, som mellom anna seier:

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleigar, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.

Tilstandsrapporten er ei skildringa av tilstanden i grunnskuleopplæringa i Lindås kommune for skuleåret 2015-16, og inneheld ei skildring av lokale mål og utvikling samt vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

Vurdering

Det er sett nasjonale krav til innhaldet i tilstandsrapporten, som eit minimum skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kommunane kan utvide rapporten til å omhandle fleire tema ut frå lokale behov.

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Lindås 2015-2016 har følgjande hovudområde:

- Elevar og undervisningspersonale
- Læringsmiljø
- Læringsresultat
- Tidleg innsats
- Spesialundervisning
- System for oppfølging (internkontroll)
- Skulane sine satsingsområde

- Vidareutdanning
- Vaksenopplæring

Saman med data henta frå Skoleporten, er kvart hovudområde skildra med lokale mål, vurdering av utvikling samt plan for vidare arbeid.

Rapporten blir drøfta i Levekårsutvalet den 22.november.